

Innspel budsjett 2026 – anonym

Først vil eg understreke at det beste etter mi meining er å bevare skulestrukturen slik ho er i dag.

Samstundes er det vanskeleg å oversjå at det kjem færre barn i åra som ligg framfor oss, men denne utviklinga ligg nokre år fram i tid.

Eg meiner difor at vi bør vente før vi gjer større endringar, slik at vi kan følgje utviklinga nærare. Eg tvilar òg på at ein klarer å spare inn 6 millionar, med tanke på alle kostnader som vil følgje med ei slik omlegging.

Har ein vurdert å innføre éin felles rektor for alle skulane, eller å endre skulestrukturen på andre måtar? Til dømes kunne ein vurdere å flytte 1.–4. trinn til Hareid, og sende 5.–7. trinn frå Hareid skule til ei av krinseskulane. Dette kunne redusert SFO-kostnadane ved éin skule, i tillegg til å kutte transportkostnader.